

Skule:	Trinn: 7	Elevnummer 1716	Kjønn: jente ☒ gut ☐	Det første språket du lærte: norsk ☒ anna ☐
--------	-------------	--------------------	--	---

Du arbeider som gruvearbeidar i sølvgruvene på Kongsberg. Skriv eit brev til familien din der du fortel om korleis dagane på jobb er og korleis du har det.

Til familien min

Kongsberg
onsdag 13. oktober
1630

Hei! Håpar det går bra med
deg. Eg jobbar dagen lang. Frå
klukka halv seks om morgonen
til Sju om kvelden. Den siste
veke har vort hard og slitsom.
Det er fordi eg er sjuk. Eg
hostar opp svart slim og når
eg har fri om kveldene berre
legg eg meg og sov. Sjølvs om
eg er sjuk må eg på jobb!
Eg håpar eg blir frisk snart!

I gruva i går skulle vi gå
ned stigen, som vanleg, men

det var nokon som datt ned
stigen og slo seg skikkelig.
Han måtte til sjukehuset med
ei brukt hand og ein brukt fot.
Han var veldig heldig! Det
var ein annan mann som
også datt ned på stigen
litt lenger opp og omkom.

Vi må bli køyrd inn ein
lang, vat og ekkel tunnel.
Det er jo heller ikkje tak
på vogna vår som vi blir
køyd med, så vi blir veldig
våte. Når vi går ned stigen
må vi gå langt ned. Og når
vi først kjem ned i gruva
er det faklar som lysar opp
gruva. Det ligg også hammerar

og hoggjern (meisel) der
på forskjellige plassar. Det er
ganske kaldt der nede i
gruva. Men når vi fyrar for
å varme opp fjellet slik at
det sprer seg, blir det både mykje røyk og litt
varme
↑ hogg i malmen og sender den opp
med ei bytte med tang som
vi fører opp. Gruva var ikkje
akkurat romsleg. Så når dagen
var halveis fekk vi lunsj og
kaffe. Vi satt og prata og hadde
det gøy i ein halvtime. Så måtte
vi jobbe igjen. Og når dagen
var omme gjekk vi opp stigen,
vart køyrd gjennom den låte
tunnelen og gjekk heim til
hyttane og og nokon andre
budde i.

Vi bur i nokre hytter nære
grova fordi vi bur så langt
i frå våre verkelege hjem.

Eg håpar og kan komme og
besøke dykk ein gong i
ein av helgene! Eg savnar dykk
så! Ønskjer dykk all hell og
lykke vidare!

Med vennleg helsing